



STORTINGET

# Representantforslag 166 S

(2022–2023)

frå stortingsrepresentantane Kirsti Bergstø, Andreas Sjalg Unneland, Kari Elisabeth Kaski og Ingrid Fiskaa

Dokument 8:166 S (2022–2023)

---

Representantforslag frå stortingsrepresentantane  
Kirsti Bergstø, Andreas Sjalg Unneland, Kari  
Elisabeth Kaski og Ingrid Fiskaa om gransking av  
seksuell trakassering i Forsvaret

---

Til Stortinget

## Bakgrunn

Den seinare tida har det kome fram fleire alvorlege saker og varsel om seksuell trakassering i Forsvaret, og om dårlig intern handtering av varsla.

Forsvaret fekk i november 2022 overlevert ein rapport frå PwC med evaluering av systemet for behandling og oppfølging av varslingssaker. Mange av tiltaka her er truleg framleis relevante. Men det har til nå ikkje blitt sett i gang ei meir systematisk undersøking av det grunnleggande problemet: den underliggende ukulturen i Forsvaret.

Når det kjem fram omfattande seksuell trakassering, overgrep og andre tilfelle av uakseptabel oppførsel,

er det klart at ein så viktig institusjon som Forsvaret må gjennomgåast i sin heilskap.

Hendingane er alvorlege både for offera og for Forsvaret som ein samfunnskritisk institusjon. Ifølge ei meiningsmåling frå NRK svarer nå heile 41 prosent at dei ikkje vil rá jenter til å ta førstegongsteneste. Det er ei dobling frå fjarårets 21 prosent.

Ei gransking kan avdekka kva som har skjedd i dei ulike sakene, korleis trakassering av denne typen har vore mogleg, og kva slags kultur/ukultur som ligg til grunn i dei ulike områda av Forsvaret. Ei gransking bør også sjå på kva moglegheter det er for å endra den underliggende ukulturen, og koma med forslag til læringspunkt og tiltak. Granskinga må vera uavhengig.

## Forslag

På denne bakrunnen blir det fremma følgande

forslag:

Stortinget ber regjeringa sikra ei uavhengig gransking av seksuell trakassering, overgrep og andre tilfelle av uakseptabel oppførsel i Forsvaret. Granskinga skal vera ferdig innan utgangen av 2023.

15. mars 2023

Kirsti Bergstø

Kari Elisabeth Kaski

Andreas Sjalg Unneland

Ingrid Fiskaa

